



Vedtekter Askvoll ungdomsråd Endring hausten 2015 – sak 022/15

1. Oppretting

Det vert opretta eit organ for ungdommar mellom 13-19 år i kommunen – kalla Askvoll ungdomsråd

2. Politisk nøytralt

Ungdomsrådet skal vere partipolitisk uavhengig

3. Formål

Ungdomsrådet skal vere ungdommen sitt organ for å betre vilkåra for denne gruppa. Det skal setje søkelys på å skape identitet til eigen kommune og på ungdomsfråflyttinga.

Gje ungdom høve til å påverke sin eigen livssituasjon gjennom deltaking, opplæring og medverknad i demokratiske avgjerdsprosessar. Kommunen vil kunne nytte ungdommar som ressurspersonar i sakshandsaming, planarbeid og representasjon.

4. Møte og talerett

To representantar frå ungdomsrådet har møte- og talerett i kommunestyret, formannskap og komitéane i saker som vedkjem denne gruppa.

5. Samansetting av rådet

Ungdomsrådet består av 11 representantar, og har denne samansetting:

- 5 elevar frå Askvoll ungdomsskule
- 2 elevar frå Bulandet skule
- 2 elevar frå Gjelsvik skule

- 2 elevar frå videregående skuler

Alle har møteplikt. Om desse ikkje kan møte varamedlemmane stille opp.

6. Val

Å stille til val som representant i Ungdomsrådet er frivillig – dei føreslegne kandidatane må seie seg villig til å ta på seg vervet. Verv som representant for Ungdomsrådet gjev rett til reisegodtgjersle, men ikkje møtegodtgjersle.

Valperiode: ungdomsrådet skal veljast for 2 år om gongen. Halvparten står på val kvart år. Leiar, nestleiar og sekretær vert valde for eit år. Ungdom frå 13 – 19 år kan veljast.

7. Arbeidsoppgåver

Ungdomsrådet skal arbeide med saker som bidreg til auka trivsel for ungdom i eige kommune:

- Utdanning
- Sommarjobb
- Fritid
- Miljø
- Ungdomsrådet må ha kontakt med ungdom i kommunen og ha ansvar for å følgje opp innspel og ønskje som kjem frå denne gruppa.
- Førebu seg til møter
- Ta initiativ til aktuelle ungdomssaker
- Vere med på å marknadsføre ungdomsrådet
- Ta initiativ til andre aktuelle saker
- Årlege ungdomsarrangement
- Fordeling av ungdomsmidlar

8. Møteinnkalling

Leiar og sekretær kallar inn til møte etter møteplan. Det kan kallast inn til ekstraordinært møte dersom 1/3 av ungdomsrådet krev det. Innkallinga skal vere skriftleg og sendast ut ei veke før møte.

9. Fylkesting for ungdom

Ungdomsrådet vel årlege utsendingar til fylkesting for ungdom

10. Endringar i vedtektene

Forslag til endringar i vedtektene kan leggjast fram dersom rådet krev det. Det krevst 2/3 del fleirtal ved vedtektsendring.